

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 29.01.19

Vår ref. 88/19/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref.

Fiskeridirektoratet region Vest (ref. 19/130)
v/ Solveig Anita Kristine Seljemo

Lindås kommune (ref. 18/2743-18/35988)

Bergen hamn (ref. 2018/46369-6)
v/ Silje Eide

E-mail

LINDÅS, SELLEVOLD – UTFYLLING TIL KAIRONT 147/26

Viser til brev av 04.01.19, med vedlegg, frå Fiskeridirektoratet region Vest vedkomande ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Nordhordland Fiskarlag.

Generelle merknader

Fiskarane opplever ein stadig større konkurranse om areala, særleg i kystsona. Ein vil peike på at fiskarane i utgangspunktet er positivt innstilt til anna næring og aktivitet, men fiskeri og andre næringar har eit heilt ulikt forhold til bruk av sjøareal. Andre næringar har behov for nye/større sjøområde, medan fiskerinæringa er avhengig av å ta vare på viktige eksisterande fiske-, gyte- og oppvekstområde.

Eksempel på konfliktområde er; oppdrett (areal inkl. anker og utslepp av spillfôr/feces/lusemidlar), vindmøller til sjøs, reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebryggjer, ankringsområde, m.m.), ankring/verksemrd i sjø, avlaups-/vassleidningar, kablar, fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).



I tillegg vil ein gjere merksam på at fiskarar får klage frå hytteeigarar når ein fiskar i sjøområdet utanfor hyttene om natta, men òg elles.

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så avgrensar ein tilgjengeleg areal for fiske bit for bit.

Det er viktig at tilhøva blir lagt til rette slik at norske fiskarar fortsatt kan skape verdiar av fiske for spesielt kystsamfunna våre! «Sjøvern» er like viktig for fiskerinæringa, som «jordvern» for jordbruk.

Ein vil peike på at ein kan vere med på å gjere kystsona meir tilgjengeleg for andre ved m.a. å fjerne tau mellom land og bøyar brukt i samband med fortøyning av båt når fortøyningen ikkje er i bruk.

Ein må òg vere merksam på at ikkje lyssetjing på land og i strandsona blir slik at det kan blende eller vere til ulempe for ferdsel på sjøen.

Ein vil gjere merksam på at kommunen har spesielt ansvar for å ivareta lokale og svake regionale fiskeriinteresser i plan-/reguleringsprosessar.

Fiskeridirektoratet ivaretar sterke regionale og nasjonale fiskeriinteresser.

Det vil seie at ein i kommuneplansamanheng skal ivareta både lokale, regionale og nasjonale interesser.

Ein må òg ha med seg at framtidige generasjonar òg må kunne få tilgang til kystsona.

Sellevold

Det blir her søkt om etablering av utfylling i sjø og kaifrontar.

Det blir opplyst av kommunen at tiltaket er i tråd med reguleringsplan for Skarsvågen, og at «dispensasjonssøknaden gjeld berre det generelle byggeforbodet i strandsona .»

Kommunen meiner at Fiskeridirektoratet ikkje skal høyrast i slike saker, medan Bergen Havn har fnne det «rimlig at Fiskeridirektoratet gir sin vurdering av hvorvidt tiltaket vil komme i konflikt med fiskeri- og akvakulturinteresser i området.»

Fiskarlaget Vest viser til kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det er registrert gytfefelt og kaste- og låssettingsplass i/ved omsøkte område. Det blir òg fiska i område som ikkje er registrert der. Ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkreps.

Fiskarlaget Vest har følgjande merknader:

Tiltaket må ikkje vere til hinder for fortsatt bruk av fiskeområdet i nærlieken, og ein må unngå spreiling av stein på botn utanfor kaiområdet. Om det er forureina botn må ein settje inn avbøtande tiltak for å hindre spreiling. Ein forutset at massane som skal fyllast ut er reine, og det må eventuelt nyttast siltgardin for å hindre partikkelspreiling.

Arbeidet i sjø bør ikkje utførast i gyte- og oppvekstperioden for torsk (januar – juni).

Det må takast omsyn til fisk i steng då fiske er sårbare for spreningsarbeid/arbeid i sjø, og eigar av eventuell fisk i steng må kontaktast før start av arbeidet.

Ein må kunne feste steng i kaiane. Ein viser til § 27 i Havressurslova i høve ferdsel (20 m) og fiske (100 m) ved steng.

Ein forutset at forureining frå området både i anleggsperioden og ved bruk blir avgrensa mest mogeleg.

Ein vil til slutt gjere merksam på at fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er derfor grunnleggjande avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav.

Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat.


I tillegg er ein avhengig av å ha eigna areal å fiske på.

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebø
Britt Sæle Instebø

Kopi; Nordhordland Fiskarlag
Fylkesmannen i Vestland

Sak 19/130



Låssettingplass for sild/makrell/brisling

Gytefelt for kysttorsk jan/april som bunnslår/vokser opp i grunne områder 0-20 meter i mai-juni.



FISKERIDIREKTORATET

N60.62295, Ø5.20541 +




Skarsneset

30m

672

VEDLEGG SØKNAD



Målte Grenser
Svar1
Udefinert grense
Terrengmålte grense
Konstruert grensepunkt
Balg
Bustad mulighet
Bebodd
Bebodd ikke
Våningshus
Støtte bustader
Hytte/betehus
Garasjeruthus
Industribygg
Andre bygg

Bebodd og hoyder må oppfattes som orienterende.
Koordinatsystem: UTM/EUREF89 - SONE 32 (EPSG:32632)
Høydesystem: (EPSG:)

17/10-2018

Powell AS
Dato: 2018.07.07
Sign.: SH

SJØKANTEN EIGENDOMS-
UTVIKLING AS
Nr. 147 Barr. 26 m.Fc.
Oppdragsgiver:
Adresse:
Postnr./sted:

N
Målestokk
1:1000
Gemini